



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 37/2021, 28. oktober

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### #Verdas-bestemediehus har vorte offisielt opna

Gratulantane stod i kø, lovorda om bygget var mange og rektor ved Høgskulen i Volda lovde store ting då det nye mediehuset, Sivert Aarflot-huset, offisielt vart opna tysdag 26. oktober 2021. Sjå video med heile byggeprosessen og bilde frå opninga.

[LES MEIR](#)

### HVO-muffins til mediestudentane

Studentane på Avdeling for mediefag vart sett pris på med muffins på den offisielle opningsdagen. 300 muffins med HVO-logo vart delt ut til studentane og det blir fortalt at alle muffins var borte kort tid etterpå. Muffins med HVO-logo er noko som kan vere verd å merke seg også ved andre arrangement.

[LES MEIR](#)



## Aksjonerer for nynorske læremiddel - i dag kl 11.40 i VCA

Torsdag 28.10.2021 kl 11.40-12.15 blir det arrangert aksjon i VCA med krav om betre nynorske læremiddel i skule og barnehage. Arrangørar er Aksjonsgruppa for nynorske læremiddel og elevråda ved Volda vidaregåande skule og Volda ungdomsskule i samarbeid med Noregs mållag. Rapparane Louis og Lexus" bidreg med rap på voldadialekt.

[LES MEIR](#)

## Vassmotiv i videokunst i Sivert Aarflot-huset

Sven Pålssons videoanimasjon «Levelling II» vart avduka ved opninga av Sivert Aarflot-huset. Kunstverket vert synt fram på ein 2 x 3 meter stor LED-skjerm i medietorget, den mest sentrale samlingsstaden i huset. Då prosjektet vart godkjent av regjeringa var det spesifisert at kr 1,5 mill skulle brukast på kunstnarleg utsmykking av huset.

[LES MEIR](#)

## Meir om opninga av Sivert Aarflot-huset:

### Gjestar og helsingar på opninga

Det kom mange godord frå dei inviterte gjestane på den offisielle opninga av Sivert Aarflot-huset. Av gjestar utanfrå kan desse nemnast: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal v/Rigmor Brøste, fylkesordføraren v/Per Ivar Lied, Statsbygg, Link arkitektar, Nordplan, PEAB/K.Nordang, Studentsamskipnaden i Volda, Nynorsk kultursentrum, Volda vidaregåande skule, Viti musea, NTNU Ålesund, Sparebank1, Sparebanken Vest, Norsk Journalistlag, NRK Møre og Romsdal, Møre, Møre-Nytt, Sunnmørsposten, Khrono, Medier24, Landslaget for Lokalavisar, ordførar Sølvi Dimmen (Volda), ordførar Knut Erik Engh (Ulstein), ordførar Lena Landsverk Sande (Vanylven), MAFOSS (Maritim forening for Søre Sunnmøre), Sven Pålsson (kunstnar), KORO (Kunst i det offentlege rom).

### Mange omtalar av opninga av Sivert Aarflot-huset

Fleire media omtala opninga av Sivert Aarflot-huset - mange av artiklane er pluss-saker:

**Khrono:** ["Opna verdas finaste mediehus i Volda"](#)

**Medier24:** [Her blir det nye mediebygget i Volda åpnet. – Det er fantastisk, sier mediedekan Kate Kartveit til Medier24.](#)

**Møre:** ["Ei verktøykasse for framtida"](#)

**Møre-Nytt:** [Alt ligg til rette for verdas beste medieutdanning](#)

**NRK Møre og Romsdal:** [Distriktsnyheter Møre og Romsdal – I går kl. 19:45 – NRK TV](#)

**Sunnmørsposten:** [Alt ligg til rette for verdas beste medieutdanning](#)



## FIFA-turnering på HVO 1. november

Den beste FIFA-spelaren på HVO skal kårast 1. november, og det skjer på BK 157 og BK 158 - og turneringa startar kl 18.30. Arrangementet er i regi av Studentsamskipnaden og ["Sosial haust"](#) ved Høgskulen i Volda.

[LES MEIR](#)

## Vekemenyen i kantina - mykje meir enn ball

Måndag: Vegetarburritos

Tysdag: Steikt torskefilet med sellerirotpure og rødvinsaus

Onsdag: Lasagne med salat og brød

Torsdag: Potetball med alt

Fredag: Tacobuffet

[LES MEIR](#)

## Studium og studentliv:

### Vekerevyen rekrutterer

Vekerevyen 2022 har starta arbeidet og har hatt ei intens rekrutteringsperiode. Det viktigaste er alt på plass: [Christina Engen Johnsen, AMF, har stilt opp som revysjef](#), men elles treng revyen alt av gode krefter før premieren om nokre få månader under Veka 2022.

## **Studentveka går 11.-26. februar**

Studentveka i Volda 2022 går over TO veker: Frå 11. - 26. februar. Veka startar som vanleg med revypremiere 11. februar. [Programmet finn du etterkvar på Rokken sine nettsider.](#)

## **Pensumlister for våren 2022: Pass på fristen 1. november**

Pensumlister for våren 2022 må vere klare til 1. november. Biblioteket har gjort pensumlistene frå våren 2021 klare til gjenbruk og redigering i Canvas og Leganto. [Her er informasjon om korleis ein arbeider med pensumlister i Leganto.](#)

## **Studiebarometeret 2021: Husk å sette av tid i timeplanen**

Den 21. oktober vart årets Studiebarometer sendt ut til andre- og femteårsstudentar på bachelor og mastergrader på HVO. Svarfristen er 14. november. HVO brukar Studiebarometeret i det kontinuerleg studiekvalitetsarbeidet, og difor er høg svarprosent viktig. For å få høg svarprosent anbefaler vi alle bachelor- og mastergrader å setje av 10-15 minutt i undervisinga slik at studentane svarar der. Som tidlegare vil HVO premiere den eller dei klassene som har høgast svarprosent med ein pizzakveld. Det er også viktig å avklare ein del av omgrepa som studentane får spørsmål om, slik at studentane er bevisst kva dei svarar på. Spørsmåla og tidlegare resultat er å finne på [www.studiebarometeret.no](#). [Meir informasjon om gjennomføringa og tidsplan er her.](#)

# **Styre og stell og høgskuleområdet:**

## **Kort straumbrot torsdag 28. oktober kl 15.30**

Delar av 3. etasje i Berte Kanutte-huset misser straumen ca. kl 15.30 torsdag 28. oktober. Straumen skal vere tilbake etter ca. ein halvtime.

## **Lønsforhandlingar på Høgskulen - resultat neste veke**

Denne veka er det lokale lønsforhandlingar på Høgskulen i Volda. Dei viktigaste forhandlingsdagane er onsdag-fredag, og forhandlingane blir truleg avslutta fredag. Resultatet blir formidla i neste veke. I den lokale potten ligg det ca. 4,3 millionar kroner, som er meir enn nokon gong tidlegare. [Her er dei tilsettes organisasjonar på Høgskulen i Volda.](#)

## **Høgskulestyret: Vil utgreie leiingsmodell**

Høgskulestyret har vedtatt at det skal settast ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på fordelar og ulemper ved dei to hovudmodellane: Valt og tilsett rektor. Høgskulen har i dag valt rektor. Arbeidsgruppa skal også skissere moglege og naudsynte konsekvensar for styringsstrukturen elles,

jamfør UH-lova. Arbeidsgruppa skal ikkje levere ei innstilling til ny modell, men peike på ulike alternativ som kan vere aktuelle som grunnlag for diskusjon om leiingsmodell og eventuell vidare utgreiing etter avgjerd. Direktør skal sette ned gruppa.

### **Strategiplan: Starten på ein "ny" universitetsdiskusjon?**

Styreseminaret på Høgskulen i Volda er planlagt som nest siste etappe i ein nokså langdryg strategiprosess, som har halde på i nesten to år. Men kanskje vart styreseminaret også starten på ein "ny" universitetsdiskusjon? [Eg skriv om dette i rektorbloggen.](#)

### **DBH-statistikk for 2021: Rekordmange tilsette på Høgskulen i Volda**

Den årlege statistikken i DBH (Database for statistikk om høgare utdanning) har kome og den syner blant anna at det aldri før har vore så mange tilsette ved Høgskulen i Volda. [Talet for 2021 er 383 årsverk, mot 353 i 2020.](#) Ved samanslåinga i 1994 var det ca. 194 årsverk ved Høgskulen, så på 25 år har talet på tilsette nesten vorte dobla.

### **DBH-statistikk for 2021 (2): AHL er klart størst**

Det er Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL) som er største avdelinga på Høgskulen og AHL har også auka mykje frå 2020 til 2021. I 2021 er det 134 årsverk ved AHL, som er ca. 14 årsverk fleire enn året før, eller ca. 12 prosent auke. Nest største eining er Fellesadministrasjonen der det er 92 årsverk. Med ein auke på ca. 14 prosent er dette største prosentvise auke på Høgskulen frå 2020 til 2021. Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH) ligg stabilt på 69 årsverk, Avdeling for mediefag (AMF) har ein liten auke frå 46 til 47 årsverk medan Avdeling for kulturfag (AKF) aukar frå ca. 38 til 41 årsverk samanlikna med 2020.

### **Mindre vasslekkasje i taket**

Det har vorte oppdaga ein mindre vasslekkasje i taket i den nye gangen mellom Sivert Aarflot-huset og Hans Strøm-huset. Slike lekkasjar er nokså vanlege i heilt nye hus og vil bli tetta så snart veret lettar.

### **Knust vindauge i biblioteket - igjen**

For andre gong på kort tid har nokon kasta stein og knust eit vindauge i HVO-biblioteket. Høgskulen vurderer no om det skal settast opp videoovervaking.

# Fag og forsking:

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no).

## **Endre Eidså Larsen disputerer ved NTNU**

Høgskulektor Endre Eidså Larsen, AMF, skal disputere ved NTNU 19. november 2021. Larsens doktorgradsprosjekt har hatt arbeidstittelen "Film som fremstilling, deformering og animering: En figural innfallsvinkel til filmanalyse." Larsen er tilsett ved institutt for film og animasjon.

## **Ny mastergrad på AKF er gjennom første trinn hos NOKUT**

Høgskulen i Volda har søkt om akkreditering av ein ny mastergrad: "Kulturfaglege praksisar" i regi av Avdeling for kulturfag. Søknaden har no vorte godkjent for vidare vurdering av administrasjonen i NOKUT. Neste trinn blir å peike ut ein sakkunnig komite som skal gi ei fagleg vurdering av søknaden.

## **Informasjonsmøte om Forskingsrådets utlysingar 2022, 29. oktober**

Forskningsadministrasjonen ønsker velkommen til [informasjonsmøte for potensielle søkerar til Norges Forskningsråd \(NFR\)](#) som har søknadsfrist i februar 2022. Professor Kjartan Leer-Salvesen (ASH) vil dele erfaringar frå, og svare på spørsmål om, søknadsprosessen til NFR på bakgrunn av erfaringa med prosjektet Avvergeplikt i møte med partnervold. Deretter vil forskningssjef Henriette Hafsaas informere om aktuelle utlysingar frå NFR med søknadsfrist i februar 2022.

## **Invitasjon til konferanse: "Visuals in Protest, Terror, Conflict and War"**

Avdeling for mediefag ved Høgskulen i Volda og The International Association for Media and History inviterer til [Master Class og eit eige symposium om «Visuals in Protest, Terror, Conflict and War» 13.-14. januar 2022 i Volda](#). Yngre medieforskarar, ph.d.-kandidatar og masterstudentar nasjonalt og internasjonalt er særleg oppmoda til å melde seg på. Fristen er 7. november. Ansvarleg for konferansen er [professor Rolf Werenskjold](#).

## **Moltadal og Amdam samarbeider med UiS og UiO**

Dei to forskarane [Synnøve Moltadal](#) og [Synnøve Amdam](#), begge AHL, er med som prosjektmedarbeidarar i forskningsprosjektet: "Digitalisering i grunnopplæring: kunnskaper, trender og framtidig forskningsbehov". Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom forskingsmiljø ved Universitetet i

Stavanger og Universitetet i Oslo. Prosjektleiar er Elaine Munthe, som er professor ved UiS og professor-II ved HVO. [Les meir om prosjektet på nettsidene våre.](#)

### Gode resultat for ph.d.-utdanninga

Fellesgraden i helse- og sosial: Profesjonsutøving - vilkår og utvikling har god gjennomstrøyming og nøgde kandidatar. 9 av 10 kandidatar har disputert etter 6 år, medan landsgjennomsnittet er at 7 av 10 har disputert etter 6 år. Fellesgraden er eit samarbeid mellom Høgskolen i Molde og Høgskulen i Volda. Molde/Volda-kandidatane er også meir nøgde med opplæringsdelen og oppfølginga enn landsgjennomsnittet. [Les meir på våre nettsider.](#)

### Pris for kvalitet i utdanninga - frist 31.10. for å kome med framlegg

Prorektror Odd Helge Tonheim har invitert [alle tilsette og Studentparlamentet til å kome med framlegg på kandidatar til Pris for kvalitet i utdanninga](#). Fristen er 31. oktober. [Les meir om statuttar for prisen og tidlegare prisvinnarar på nettsidene våre.](#)

## Publiseringar:

### Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebriefet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

### Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskningsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

### Birgitte Fondevik i NOA Norsk som andrespråk

Dosent Birgitte Fondevik har publisert artikkelen «[Å forske med lærerne- et metablikk på et aksjonsforskningsprosjekt i norskopplæringen for voksne innvandrere](#)» i eit temanummer om forskningsmetodar i andrespråksforskningen i tidsskriftet NOA Norsk som andrespråk (NOVUS).

# Nytt om tilsette - ledige stillingar:

[Ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

## Anne Gjelsvik kalla til professor II-stilling på Avdeling for mediefag

Høgskulestyret har kalla [professor Anne Gjelsvik](#), NTNU, til toårig engasjement som professor II ved Avdeling for mediefag. Gjelsvik har tidlegare blant anna vore professor II ved UiO og UiT. Ved AMF skal ho særleg støtte arbeid med forsking, publisering og kompetanseheving.

## Ledig stilling for journalistlærar - søknadsfrist 15. november

Avdeling for mediefag skal tilsette ein ny journalistlærar med tilsetting frå nyttår. Den som skal tilsettast må blant anna ha solid journalistisk erfaring og kjennskap til publisering på ulike publiseringssplattformer. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

## Direktøren skal tilsette prosjektleiar - søknadsfrist 27. oktober

Høgskulen i Volda har lyst ut stilling som prosjektleiar, direkte underlagt [direktør Karen Lomeland Jacobsen](#). Den nye prosjektlearen vil kunne få ansvar for ulike prosjekt i heile organisasjonen, som til dømes strategiprosesser for styret eller den årlege planprosessen på Høgskulen. Søknadsfrist er 27. oktober 2021. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

# Kulturkalender:

Kulturkalender for dei komande vekene - idrett, musikk, teater m.v. i Volda og Ørsta.

Kinoprogrammet: [Volda filmteater](#) | [Ørsta kino](#)

Arrangement på [Tikkio Volda](#) | [Tikkio Ørsta](#) | [Ticketmaster Volda](#) | [Ticketmaster Ørsta](#)

## Rokken pøsar på med nye arrangement

Programmet på Rokken Scene får stadig nye artistar. Berre dei siste dagane har det kome inn arrangement i dei komande vekene og månadene med Kamelen, Valentourettes, Vassendgutane, Rotlaus - og ikkje minst Studentveka 2022. [Her er programmet på Rokken scene.](#)

## **Oktober:**

- 28.10.2021: [Jazzklubben: Isiazz med Dagny Anna](#), Porse  
28.10.2021: "Magnus Takvam: Mi mor, Marie Takvam", Aasentunet  
28.10.2021: [Murder Mystery](#), Rokken  
29.10.2021: [Kamelen](#), Rokken  
30.10.2021: [Fotball, menn: Volda - Kolstad](#), Volda Stadion  
30.10.2021: [Handball, menn: Ørsta-Charlottenlund 3](#), Ørstahallen  
30.10.2021: [Halloween](#), Rokken  
30.10.2021: [Broadline](#), Porse  
31.10.2021: Rotevatnet rundt, landevegsløp  
31.10.2021: [Handball, kvinner: Volda - Haslum Bærum](#), Volda Campus Sparebank1 Arena

## **November:**

- 01.11.2021: [Spelekveld](#), Rokken  
02.11.2021: [Presseprisen \(journalistpris\)](#), Rokken  
03.11.2021: [Onsdagskviss](#), Rokken  
05.11.2021: [Valentourettes](#), Rokken  
06.11.2021: [Silent Disco Club](#), Rokken  
06.11.2021: [Elton John tribute - opningsfest](#), VCA  
07.11.2021: [Handball, menn: Ørsta-Molde](#), Ørstahallen  
07.11.2021: [Tangokonsert: Øyvind Skatvedt Robak og Symfoniorkesteret](#), Volda samfunnshus  
09.11.2021: [Tysdagskviss](#), Tredet  
09.11.2021: [Flatbrødbaking](#), Uppheim  
10.11.2021: [Onsdagskviss](#), Rokken  
10.11.2021: [Teateret vårt: Den uendelige historien](#), Ørsta kulturhus  
10.11.2021: [Møte med Herborg Kråkevik](#), Aasentunet  
13.11.2021: [Faculty of Funk](#), Tredet  
13.11.2021: [Kjartan Lauritzen](#), Dobbeltshow - Rokken  
14.11.2021: [Sunnfjord - Volda studentidrettslag \(VSI\)](#), Honndalshallen  
14.11.2021: [Førde3 - Volda studentidrettslag \(VSI\)](#), Honndaldshallen  
14.11.2021: [Handball: Volda - Ålgård](#), Volda Campus Sparebank1 Arena  
15.11.2021: [Spelekveld](#), Rokken  
16.11.2021: [Strikkekafe](#), Tredet  
16.11.2021: [Riksteateret: Teaterkonsert Sundfør](#), Ørsta kulturhus  
17.11.2021: [Kviss](#), Rokken  
20.11.2021: [Jazzklubben: Møre Swing Band](#), Porse  
23.11.2021: [Tysdagskviss](#), Tredet  
24.11.2021: [Kviss](#), Rokken  
25.11.2021: [Ruben](#), Rokken  
26.11.2021: [The Core - 20 års jubileum](#), Jazzklubben, Tredet  
27.11.2021: Rotevatnet rundt, landevegsløp  
27.11.2021: [Volleyball: KFUM Volda - Skjetten](#), Volda Campus Sparebank1 Arena  
27.11.2021: Koncert Volda kyrkje, [Stille natt hellige natt](#)  
28.11.2021: [Handball, menn: Ørsta-Langevåg](#), Ørstahallen  
28.11.2021: [Vinterlys - Rita Eriksen og Dag Vagle](#), Ørsta kulturhus

# Møte, seminar og anna på HVO:

Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.

## **Hausten 2021:**

- 29.10.2021: [Informasjonsmøte om Forskingsrådets utlysingar](#), HVO  
03.-4.11.2021: [Utdanningsdagane 2021](#)  
11.11.2021: [Skrivekurs med Forskning.no](#), HVO  
15.-16.11.2021: Samling for innovasjonsmiljøa i Møre og Romsdal (SIVA)  
17.11.2021: [Inspirasjonsseminar for leiarar i helse- og omsorgstenestene](#), NTNU Ålesund  
19.11.2021: Disputas: [Endre Eidså Larsen](#), NTNU  
24.11.2021: [Utdanningsutvalet](#)  
25.11.2021: [Forskningsutvalet](#)  
9.12.2021: [Styremøte](#)  
15.12.2021: [Utdanningsutvalet](#)

## **Vårsemesteret 2022:**

- 13.-14.1.2022: Konferanse: "[Visuals in Protest, Terror, Conflict and War](#)", HVO  
9.2.2022: [Internasjonal dag](#)  
16.2.2022: [Utdanningsutvalet](#)  
17.2.2022: [Forskningsutvalet](#)  
17.2.2022: HMS-dag  
Mars 2022: [Jubileumsmarkering: Sosialfag 50 år](#)  
3.3.2022: [Høgskulestyret](#)  
24.-25.3.2022: Avd.seminar ASH  
19.-20.4.2022: Personalseminar AKF  
20.4.2022: [Utdanningsutvalet](#)  
21.4.2022: [Forskningsutvalet](#)  
22.4.2022: [50-års jubileum for Avdeling for mediefag](#) (dato ikkje endeleg fastsett)  
25.4.2022: [The Northwest](#), Ålesund (med etterhald om dato)  
4.-8.5.2022: [European Conference on Science and Theology \(ECST XIX\)](#) (Ålesund)  
5.5.2022: [Høgskulestyret](#)  
1.6.2022: [Utdanningsutvalet](#)  
2.6.2022: [Forskningsutvalet](#)  
16.6.2022: [Høgskulestyret](#)

## **Haustsemesteret 2022:**

- 15.9.2022: [Høgskulestyret](#)  
23.-27.9.2022: Forskningsdagane  
28.-29.9.2022: Karrieredagane  
2.-3.11.2022: Utdanningsdagane  
4.11.2022: [Høgskulestyret](#)  
8.12.2022: [Høgskulestyret](#)

**Våren 2023:**

9.3.2023: [Høgskulestyret](#)

3.5.-4.5.2023: [Styreseminar og møte i høgskulestyret](#)

15.6.2023: [Høgskulestyret](#)

## Faste lenker:

**LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

**REKTORBLOGGEN**

27.10.2021: Slutten på ein lang strategiprosess - starten på ein "ny" universitetsdiskusjon?

20.10.2021: [Orientering til høgskulestyret, styremøte 21.10.2021](#)

14.10.2021: [Om statsbudsjettet - som venta for Høgskulen i Volda](#)

14.10.2021: [Om Hurdalsplattformen: Meir konkurranse?](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

**HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorsksenterets blogg](#)

[Løpende oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

**STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:**

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

# Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)

[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)